

Olav J. Austafor

Norma blir uklar og er eit steg på vegen mot regionalisering

1 Når ein fjernar skiljet mellom hovudformer og sideformer, og jamstiller ein del av dei tidlegare sideformene med tidlegare hovudformer, blir norma uklar for dei som skal lære nynorsk. I dag blir hovudformene nytta i lærebøker og andre læremiddel (som kjem inn under kravet i opplæringslova om språkleg parallellutgåve), i statstenesta og i teksting i NRK. Fjernar ein skiljet mellom hovudformer og sideformer, kjem nye generasjonar til å møte ei uklar norm i skulen, i informasjonstilfang frå staten og i NRK-teksting.

Skiljet mellom hovudformer og sideformer er ei pedagogisk velsigning både for mange av dei som har nynorsk som hovudmål og for dei som har det som sidemål. Samstundes gjev systemet med sideformer nynorsken ein språkleg rikdom som kan utnyttast mellom anna av avanserte skribentar og andre språkmedvitne brukarar.

Representantar for rettskrivingsnemnda seier dei fleste av oss vil kunne skrive som før, men seier ikkje noko om situasjonen for barn og unge som skal lære å skrive nynorsk. Det er viktigare.

Å oppheve skiljet mellom hovudformer og sideformer i nynorsk ser ut til å vere ein blindveg. Bokmål og nynorsk er på dette punktet ikkje i same situasjonen.

2 Prøver ein lage ei stram norm utan eit skilje mellom hovudformer og sideformer, risikerer ein at norma ikkje lenger har appell til brukarar frå heile landet. Framlegget frå rettskrivingsnemnda ser ut til å vere eit steg vidare på vegen mot regionalisering av nynorsken, eit steg på vegen mot vestnorsk. Ein nynorsk for heile landet må ha med former som skole, kjøre, gjømme, høre, mye. Men det gjer norma mindre stram.

Ei stram norm utan eit skilje mellom hovudformer og sideformer ser ut til å ikkje vere vegen å gå.

3 Nokre einskildspørsmål:

a. Kløyvd infinitiv høyrer særleg Austlandet til, kan som regel berre brukast av dei som har han i talemålet, og skaper såleis ingen problem for andre. Ein del forfattarar brukar han. Han kan gjerne leve vidare i skriftspråket.

b. Pronomena i andre person fleirtal bør vere som før. Det skal svært mykje til før ein endrar på så grunnleggjande drag i språket. Det er heller ikkje viktig å fjerne honom som objektform i tredje person eintal. Forma skaper ingen vanskar.

4 Metodespørsmål:

a. Normeringa må ta sikte på å lage system, som kan samanfattast i reglar. Det lettar læringa.

b. Normering ut frå korpora byr på metodeproblem. Nynorskkorpuset er, etter det eg skjønar, eit noko tilfeldig samanraska korpus, som ikkje utan vidare kan gjere krav på representativitet. Det omfattar òg ein del avistilfang som er tilpassa husnormer. Ein må sjå på det som ligg bak tala.

5 Oppsummering:

Hovudpoenget mitt er at eit skilje mellom hovudformer og sideformer gjer mogleg ei operativ stram norm. Den stramme norma går tapt når skiljet blir fjerna. Samstundes ser framlegget frå nemnda ut

til å vere eit steg på veg mot regionalisering, mot vestnorsk. Det vil etter kvart føre til ei svekking av nynorsken.